

## Møtereferat

Dato: 29.11.2016

Emne:	<b>Regionalt planforum 29.11.2016 - referat, Rullering av kommuneplanens arealdel – 2018-2030</b>	
Til stades:	Sigurd Bødal Statens vegvesen Ola Midttun Fiskeridirektoratet Lene Mathisen Kystverket Brooke Wilkerson Fylkesmannen Torgeir Flo Fylkesmannen Gudrun Mathisen Hordaland fylkeskommune Endre Sten Nilsen Hordaland fylkeskommune, fylkeskonservatoren Eva Katrine R Taule Hordaland fylkeskommune Per Nordmark Hordaland fylkeskommune Anne Mette Nesje Porten Hordaland fylkeskommune Jannicke Clarke Askøy kommune, utvalsleiar Knut Natthlandsmyr Askøy kommune Tina Lund Askøy kommune Synne Guldberg Askøy kommune	
Forfall:	NVE meldte forfall – vil senda fråsegn.	Sak: 2014/13624-
Møtetid:	13.12.2016 kl 1000 - 1200	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Fylkesutvalssalen

**Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule, konstituert plansjef**

**Referent: Per Nordmark, planseksjonen**

### Sak – Planprogram for rullering av kommuneplanen arealdelen

Konstituert plansjef i Hordaland fylkeskommune Eva Katrine Ritland Taule ønskte velkomen og leia møtet. Deltakarane presenterte seg.

#### DEL 1: Presentasjon av sak – målsetjing for møtet

Askøy kommune hadde varsja at kommunen i regionalt planforum særleg ønskte at følgjande tema vart fokusert:

- ✓ Senterstruktur
- ✓ Boligstruktur og utbyggingsmønster
- ✓ Grønnstruktur
- ✓ Næringsstruktur
- ✓ Teknisk infrastruktur
- ✓ Sosial infrastruktur

Jannicke Clark, utvalsleiar, introduserte Askøy kommune med typiske trekk ved kommunen: Ung befolkning, stor utpendling, relativt lav inntekt, stor handelslekkasje, sterk vekst. Kommunen er den nest største i Hordaland etter Bergen.

**Synne Guldberg**, planleggjar og prosjektleiar for rullering av arealdelen av kommuneplanen presenterte planarbeidet og planprogrammet:

Gjeldande arealdel som no skal rullerast vart godkjend i 2012. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart godkjend i 2015. Rulleringa av arealdelen skal byggja på samfunnsdelen, og skal bidra til at kommunen når måla i samfunnsdelen. Samfunnsdelen er kommune sin folkehelseplan. Folkehelse ligg som eit gjennomgåande tema i heile denne planen, og kommunen er opptatt av å trekkja dette vidare inn i arealdelen.

Samfunnsdelen har arealstrategiar som gir føringar for rulleringa av arealdelen. Arealdelen er difor bygd opp omkring samfunnsdelen sine satsingsområde (overordna prinsipp). Prinsippa skal vera grunnlag for utgreiingane, og skal leggast til grunn for siling av innspel. Samfunnsdelen seier og kva utgreiingar skal gjerast ved rulleringa av arealdelen. Dei utvalde hovudtema fokuserer på hovudutfordringar i kommunen, og arbeidet skal i hovudsak handla om dette.

### **Senterstruktur**

Senterstruktur vil vera eit sentralt tema i arbeidet med planen, og kommunen skal definera ein senterstruktur. Kommunen skal og sjå nærare på sentera sine funksjonar, innhald, avgrensingar, og retningslinjer og føresegner for sentera.

### **Bustadstruktur og utbyggingsmønster.**

Kommunen må meir enn før ta styring av utviklinga. Det ligg i dag omlag 9000 bustader som reserve i vedtekne planar. Kommunen skal vurdere dette opp mot ønska utvikling, og vil vurdere å oppheva eldre reguleringsplanar. Eksisterande bebyggelse i LNF-område er ei utfordring som ein ikkje løyste ved førre rullering. Hovudtyngda av innspel frå private kjem innanfor dette tema.

### **Grønnstruktur**

Kommunen vil oppdatere kartlegginga av grønnstruktur. Kommunen har kartlagt funksjonell strandsone, og denne skal oppdaterast.

Det skal jobbast vidare med kulturminneplanen, og vil på grunnlag av denne vurdere omsynssoner og føresegner.

### **Næringsstruktur.**

Det er relativt lite arbeidsplassar på Askøy, og kommunen vil leggja til rette for fleire. Areal for næringsutvikling skal vurderast ut ifrå ulike kriteriar.

### **Teknisk infrastruktur.**

Kommunen har utfordringar. Skal vurdere ny hovudvegtrase og nytt fastlandssamband – i eit langsiktig perspektiv. Kommune ønskjer å sikra trasé. Vassforsyning er ei utfordring og vil ha fokus.

### **Sosial infrastruktur**

Skulestruktur skal sam-vurderast med bustadutbygging. Kommunen har for liten skulekapasitet.

### **Konsekvensutgreiing (KU)**

Kommunen har lista opp tema som skal vurderast i KU. Arealdelen er ein overordna plan – dette visar igjen i KU.

### **ROS**

Kommunen har ei heilskapleg ROS-analyse for Askøy. Det er endringar i risikobildet.

### **Medverknad**

Kommunen har tenkt medverknad gjennom heile planprosessen og delt denne i 3 fasar.

Har fokus på informasjon, og legg til rette for at det skal vera enkelt å koma med innspel.

Vil fokusere på utvalde tema i dei ulike medverknadstiltaka. Då vil ein nå aktuelle interessegrupper best.

Utgreiingsarbeidet vil og vera kopla til medverknadsarrangement/tiltak.

Kommunen vil reisa rundt til senterområda med brakka som vart brukt under arbeidet med samfunnsdelen.

### **Tilleggsinformasjon frå kommunen gjennom dialogdelen av møtet**

Det er på Askøy bygd tett inntil vegane – dette gir no utfordringar .

Det kan vera aktuelt å leggja til rette for ei utviding av Askøybrua.

Kommunen er veldig for å bruke sjøen for transport – «det blå kollektivfeltet».

Askøy er bilbasert - det går ikkje bussar der folk bur. Eit døme er Stongafjellet med ca 1000 bustader – men det går ikkje bussar dit.

Ein er avhengig av bompengar for å finansiera gang- og sykkelveggar.

Elbil er ofte bil nr 2. Dei som har råd har dette haustar fordelane – og betalar ikkje bompengar, medan dei med dårlegare råd og «berre» ein bil må betale.

Det vert viktig å fokusere på kjerneområda for Landbruk, - og der ikkje gje dispensasjonar. Kjerneområda er i dag definert i temakart, og ikkje i arealplankartet. Dette skal kommunen no ha ein gjennomgang av. Fokuserte sist på marka-område og grønnstruktur.

Kommunen har 60% utpendling. Det vert viktig å få meir arbeidsplassar lokalisert på øya, og å få gode båtløysingar. Ny fastlandsforbindelse: I dette ligg beredskapstenking – Det er no berre berre eitt brusamband til fastlandet! Men dette er i eit langsiktig perspektiv – ikkje mål om realisering i komande planperioden. Ambisjonen er at det skal sikrast ein trase. Aktuelt er ei kryssing i nord til Meland.

Kommune ønskjer ikkje at oljeriggar skal ligga over lang tid i kommunen sine sjøområde.

Kommunen sitt regionsenter og kommunesenter er Kleppestø. Lokalsenter er Frommereid, Strusshamn, Florvåg, Follese, Ravnanger (Askøyparken er ikkje definert som senter). Med unntak av Frommereid har alle desse områda topografiske avgrensingar.

Kommunen må byggja ut skular grunna folketalsveksten, og det er ei utfordring i at skuleutbygging og bustadutbygging må gjerast utanfor ønska senterstruktur.

Det vert no bygd ut mykje rekkjebustader og nokre leilegheiter.

### **DEL 2: Dialog/ innspel frå regionalt planforum**

Strukturen i møtet vart slik at mykje av innspel kom frå dei ulike etatar kom gjennom ein runde rundt bordet, men med seinare supplement gjennom dialogen. Innspela er difor i referatet redigert inn i ein samla tekst for aktuell etat.

### **Plan HFK**

Askøy arbeider godt med plansaker, og er brukt som eit godt døme i ulike samanhengar. Kommunen fekk ros for godt arbeid med kommuneplanen og dette konkrete planprogrammet.

Det vart peika på at medverknad er viktig, og at det er viktig at kommunen gjennom dette greier å skapa eigarskap til planen og til dei mål som vert sett.

Planarbeidet må resultera i ein definert senterstruktur, og tema handel må omtalast. Dette er eit krav i regional plan for attraktive senter; retningsliner i kapittel 1 og 4.

Som ein del av kunnskapsgrunnlaget bør samfunnskostnaden/den offentlege kostnaden ved ulike løysingar og lokaliseringar bereknast.

Tilrår at avgrensinga av regionsenteret Kleppestø vert utvida til å inkludera Myrane (i nord).

Saknar føringar til regional areal- og transportplan for Bergensområdet, - ønsker litt tettare kopling til denne planen.

Askøy kommunen er i prosess for byutviklingsavtale. Til orientering er dette no endra av regjeringa til Byvekstavtale.

Det må difor leggast eit nytt løp om dette.

Har kommunen tatt inn at t.d. ein viss % av bustadbygginga skal skje ved fortetting?

Askøy kommune bør ta med nokre punkt i planprogrammet som omhandlar infrastruktur for breiband. Det vert tilrådd at det i kommuneplanen vert sett mål, og vert utforma strategiar for tilgang til breiband og mobildekning.

### **HFK Klima og energi**

Planen peikar fram til 2030. Målformulering kan endrast slik at det vert meir tydeleg at det må arbeidast aktivt i heile planperioden for å nå t.d. klimamåla: Til dømes: ikkje i 2030, men innan 2030.

Askøy er nest største kommune i Hordaland, og noko bymessig. Det må vera fokus på gange og sykkel, og eit utbyggingsmønster som avgrensar klimautslepp.

Innbyggjarar kan i høve til fellesskapet vurderast som bidragsytar og bidragsnyter.

Klimatilpassing er viktig og må vektleggast i planarbeidet: Vi ser alt no effektar av endra klima - 2016 er det varmeste året på kloden på kanskje millionar år. Til dømes har Svalbard no 20 grader over normalen. Ekstrem vind og nedbør må særleg fokuserast.

ROS-analysen: Kommunen må planleggja for å handtera konsekvensane av klimaendringane: Kvar og korleis?

Byggeskikk i denne samanheng bør få større fokus og kommunen bør kanskje fokusera meir på dette, og meir gjennomgåande.

Jordressursar må ha fokus. I regional klimaplan er det fokus på jordressurs som karbonlager.

På Askøy er det mange elbilar. Det er bra med den utbygging av ladeinfrastruktur som alt er gjort. Men det er framleis stort behov for semi-hurtigladarar og vanlige lader. Dette bør etablerast. Komande nasjonale forskrifter vil gjera at kommunen frå 2018 kan setja krav om ladekapasitet.

«Miljøbåt» mellom Askøy og Bergen er et mål for fylkeskommunen. Ein avventar reguleringsplanen for Kleppestø før ein kan gå vidare med å realisera dette.

### **Fylkesmannen**

Fylkesmannen er positiv til planprogrammet, - det er tydeleg at kommunen ønskje å planleggja den vidar utviklinga! Det er bra!

- Nullvekstmålet – målet om at persontrafikkveksten i de større byregionene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.
- Når det gjeld medverknad bør kommunen ha ei meining om kva utvikling kommune ønskjer, og planleggja medverknadsopplegget ut ifrå dette.
- Fylkesmannen ser fram til samarbeid om sterkare styring av strandsone.
- Viktig å satsa på båten «Beinveien» i staden for ny askøybru.
- Kommunen er opptatt av i eit langsiktig perspektiv å tenkje eit nytt fastlandssamband, mellom anna av beredskapsomsyn, og ønskje difor å sikra ein trasé. Fylkesmannen vil gjera vurderingar av korleis dette kan innarbeidast i arealdelen av kommuneplanen.

Det er ønskjeleg at det vert lagt føringar for bustadveksten: At denne skjer i område med breie tilbod. Det vil vera bra om kommunen får til gode avtaler, t.d. byutviklingsavtaler.

Fylkesmannen ser mykje godt/positivt når det gjeld handtering av grønstruktur. Sikring av natur- og friluftsområde, og av strandsone er viktig. «Markagrense» rundt Kleppstø har fungert bra.

Kommunen bør vera merksam på at KMD har sett i gang arbeid med å avklara korleis ein kan handtera små tiltak på eksisterande bygg i LNF-område. Med planlagt framdrift for KPA i Askøy vert dette arbeidet mest truleg ikkje ferdig før planen skal på høyring.

### **Fiskeridirektorat**

Fiskeridirektoratet har ikkje vesentlege innspel til planprogrammet som vert vurdert som godt. Planprogrammet handlar ikkje mykje om sjø.

Fiskeridirektoratet har fokus på fiskeri og havbruk, - i Askøy er det mest av havbruk. Peikar på at det er viktig å ta vare på dei etablerte aktørane. Kommunen bør ha god dialog med disse, gjennom bransjeorganisasjonen Sjømat Norge, og/eller direkte med selskapa: Lerøy Vest og Marine Harvest.

Det er viktig å vera merksam på at akvakulturlova ikkje kan overprøva plan- og bygningslova. Areal til akvakultur må difor setjast av i arealdelen til kommuneplanen.

Når det gjeld fiskeri er det nokre næringsinteresser i Askøy kommune: Trålfelt for reke på vestsida, og nokre andre kjente ressursar. Desse må avsetjast i kartet. Det er ei utfordring at fiskerinæringa vert fortrent «bit for bit».

Låsetjingsplassar er ikkje så aktuelt som tidlegare då fangstar no stort sett vert levert direkte til båt.

Informasjon om ressursar som er viktige for fiskerinæringa finn ein på kartløysinga til Fiskeridirektoratet. I tillegg har Fiskarlaget vest god og meir oppdatert informasjon.

### **Statens vegvesen**

Kommunen fekk ros for oversiktleg og gjennomarbeida planprogram. Det er bra at det er fokus på born og unge.

Når det vert fokusert på transportbehov er det viktig at kommunen ser ting i samanheng; bustad, skule, arbeid m.m.

Statens vegvesen håper at Skyss kan koma med litt meir bussar!

Det er bra at kommunen fokuserer på gang- og sykkelveg. Dette er eit tema som SVV og har fokus på.

Det bør vera ei samkjøring av den kommunale utbygginga med samferdselsutbygginga. Og ein bør unngå «satellittar».

Statens vegvesen ser positivt på at kommunen går gjennom gamle planar! Kommunen må vurdere eldre planar: Er det slik ein vil ha det i neste planperiode??

Statens vegvesen ser ofte problem med å få spreidd bustadbygging knytt til veg.

### **Kystverket.**

Askøy er ein viktig kommune for Kystverket. Det er no stor pågang for ankringsområde for riggar, og selskap sender søknader til mange kommunar.

Hauglandsosen: Her var det interessekonflikt i siste rullering. Her er Fylkesanlegget for seglsport.

Utanfor Hanøytangen er det riggområde og trålfeltet. Ved siste planrullering var det viktig å ivareta interesser for Hanøytangen med riggområde. Når riggar vert liggjande over lang tid, vert problemstillingane annleis enn når det gjeld t.d. 2 – 3 mnd. For dette riggområdet er det utfordringar ved mangelfulle føresegner.

### **HFK , folkehelse**

Det er veldig positivt at samfunnsdelen av kommuneplanen i stor grad er ein folkehelseplan, og at dette kjem tydeleg fram i planprogrammet for arealdelen. Kommunen må hald fokus på universell utforming og sosial ulikskap. Perifere bustadfelt bidrar til sosial ulikskap!

### **Hfk, kulturminne**

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje omtala i planprogrammet. Dette bør inkluderast.

Det er mykje av kulturminna i kommunen som er bygde bygg, - og det kjem mange rivingssaker frå Askøy.

Kommunen opplyser at mange på Askøy meiner at naust er ein viktig del av kulturminna i kommunen.

Det er viktig at kulturminneplanen, som til no ikkje er vedtatt, vert kopla til kommuneplanen.

Kommunen ber om råd om korleis ein skal visa kulturmiljø i arealkartet og i tekst.

Medverknad og forankring er viktig. Det vert vist til Vaksdal kommune som har gode opplegg for å involvera born og unge for å skapa kulturminnebevisstheit.

Kommunen kan ta med t.d. historielag og liknande i medverknadsprosessane.

Det er ny rettleiar frå Riksantikvaren.

### **Sluttkommentar frå kommunen**

Utvalsleiar Jannicke Clarke takka for at kommunen fekk høve til å koma i regionalt planforum, og for innspel til planprogrammet og planarbeidet. Kommunen vurderte møtet som nyttig.